

Velkomen som student på Tverrfagleg vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge!

Det er ei stor glede å ønske deg velkommen som student på Tverrfagleg vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge 60 stp.

Informasjon om studiet

Utdanninga skal gje auka kompetanse til å styrke meistring og trivsel hos barn og unge i heim, barnehage, skule, arbeid og fritid. Utdanninga skal utvikle ferdigheiter i å identifisere og intervensere i høve psykososiale belastningar i nærmiljøet. Utdanninga skal og gje kunnskap om nærmiljøet sine støttande funksjonar i forhold til den psykiske helsa til barn og unge i alderen 0-23 år og utvikle ferdigheiter knytt til å styrke barn og unge sin familie og sosiale nettverk. Studiet omhandlar spørsmål knytt til sped- og småbarn, barn i skulealder, ungdom og unge vaksne

Praktisk informasjon om studiet og haustsemesteret 2022 på campus Haugesund

Fyrste emnet hausten 2022 er PSBU101 Psykiske helse hjå barn og unge, 15.stp., og det vert tre samlingar frå tysdag-torsdag i veke 36, 42 og 47, alle dagar frå 09-00-15.00 på campus Haugesund.

Rettleiingsgrupper er kvar torsdag før lunsj.

Følgjande obligatoriske læringsaktivitar (arbeidskrav) må vere godkjent før studenten kan framstille seg for sluttvurdering/eksamen.

- 75% obligatorisk frammøte i undervisning
- 100% frammøte til rettleiingsgrupper
- Ei individuell skriftleg oppgåve der studenten reflekterer over studiet og eiga yrkesrolle. Omfang om lag 1000 ord.

Canvas, timeplan og pensumliste

Canvasrommet for emnet vert opna i veke 32, og her vil de mellom anna finne pensumliste og timeplan. (De skal forhalda dykk til timeplanen som ligg i Canvas og ikkje i TimeEdit).

Studieplan og emneoversikt:

<https://www.hvl.no/studier/studieprogram/psykososialt-arbeid-med-barn-og-unge/2022h/studieplan/>

<https://www.hvl.no/studier/studieprogram/emne/41/psbu101>

Semesterregistrering

Nye studenter får tilsendt en e- post eller sms. med pinkode og informasjon om [semesterregistrering på Studentweb](#). Klikk på den grønne knappen for å starte semesterregistreringa og gå gjennom alle trinna. Du vil også få ei kvittering som viser kva for emne du er meldt til dette semesteret. Aktiv undervisningsmelding gir deg tilgang til læringsplattforma Canvas.

Canvas

Høgskulen nyttar læringsplattforma Canvas aktivt til kommunikasjon og informasjon. Betal semesteravgift og semesterregistrer deg og du får då tilgang til Canvas. Canvas blir brukt til administrativ og fagleg informasjon om studiet, innlevering av arbeidskrav, plan for samlingane, presentasjonar, pensumliste, aktuelle meldingar m.m. Dersom Canvas er ukjend for deg, kan du få nyttige tips på [Canvas hjelpesider](#)

Sjekkliste

Her er ei sjekkliste som kan hjelpe deg til å holde oversikt over det som må på plass før studiestart:

- [Aksepter studieplass](#)
- [Semesterregistrering](#)
- [Aktiver brukerkonto](#)
[Logg deg på Canvas](#)

Nyttige lenker

[Har du spørsmål, prøv vår virtuelle assistent Mime](#)
[Læringsmiljø og læringsstøtte](#)
[Biblioteket](#)
[Studentliv](#)

Servicetorget	(+47) 55 58 58 00	Se e- postadresse til de ulike campus her
Opptakskontoret	(+47) 55 58 58 50	opptak@hvl.no
Praktiske spørsmål	E-mail:	FHS-studierettleiar@hvl.no
Faglege spørsmål		Elisabeth Bakke, studieprogramansvarleg, elb@hvl.no og emneansvarleg Grethe Aa. Lofthus, grlo@hvl.no
IT-hjelp	(+47) 55 58 58 88	it-hjelp@hvl.no . Du kan også få digital IT-hjelp på chat eller se IT-hjelpen sine sider .

Velkommen til Høgskulen på Vestlandet!

Med venleg helsing
Grethe Aarreberg Lofthus og Elisabeth Bakke